



**El-sykkel:** Svein Skotheim er særskilt begeistret for el-sykkelen sin. – Det er berre å kople på batteriet, så går alt lett, seier han.

FOTO: ØYVIND BRUNVOLL

# Sykler for klimaet

## Noreg på langs på research-tur

I den komande boka si vil Svein Skotheim skrive om både norsk natur og klima- og miljøsatsing i Noreg. No syklar han landet rundt for å hente informasjon og inspirasjon.

### MAY HEGGSET REITEN

may.heggset.reiten@r-b.no

**MOLDE:** Etter mange år med fine ord og lite handling, bestemte Svein Skotheim seg for å sjølv finne ut kva klima- og miljøsatsing som vert gjennomført i norske kommunar. I løpet av elleve dagar skal den 65 år gamle bestefaren sykle med elsykkel frå Bergen til Trondheim, litt for å sjå på naturen, men mest for å finne ut korleis kommunane sine løfter om klimasatsing samsvarar med arbeidet dei faktisk gjennomfører.

– Vi er to besteforeldre som har starta dette bokprosjektet saman, eg og Bente Bakke, som skal reise frå Hamar til Stavanger. Vi ville skrive ei bok om miljø og klima, men ville ikkje ende opp med ei trist klimaavhandling med mykje tal og

statistikk, fortel Skotheim.

**Vakre Molde.** Løysinga vart å ta inn reiseskildringar frå alle stadene dei besøkte.

– Vi vil opne kvart kapittel med ei reiseskildring og vil skrive ei litlelesen bok som skildrar det norske landskapet og reisene våre rundt om i landet. Vi vil vise kva vi har og står i fare for å miste, seier han.

Han fortel at dette er ein del av grunna til at dei har vald å reise med elsykkel.

– Då reiser vi miljøvenleg og kjem samtidig nær naturen, seier han.

I helga var Skotheim i Molde. Her stakk han innom Fylkeskommunen og fekk dokumentasjon på miljøplanane i fylket. Han fekk også litt tid til å sjå seg om i byen.

– Molde er ein utrøleg vakker by! Eg vil kalle han Noregs vakraste by, sjølv om eger frå Bergen, seier Skotheim, som sjølv har aner i Romsdalen.

– Farfaren min budde på Skotheim, forbi Bud i Fræna. Eg kjenner også mange folk i Molde og omland, så eg har eit godt forhold til byen. Molde kjem til å bli veldig fint skildra i boka, lover han.

**Kjekt med elsykkel.** Han er veldig begeistret for framkomstmiddlet sitt.

– Det er så kjekt med elsykkelen! Han er som ein helt vanleg sykkel, bortsett frå at bagasjebrettet har ein bokss som inneholder eit batteri. Dette er kopla til eit nav i framhjulet. Ved tunge tak, tunge bakkar eller tung bagasje, er det berre å kople på batteriet, så går alt lett. Ein må trøheile tida, men ein får god hjelp, seier han, og fortel at det er like lett å lade batteriet som det er å bruke det.

– Batteriet kan ladas på 25 minutt i eit kva som helst vanleg straumuttak. Så når eg sykler ei langdistanse, brukar eg å stoppe ein stad, ta batteriet under arma, kjøpe meg ein kaffikopp og spørje om eg får lade batteriet medan eg sit der. Det seier folk alltid ja til.

Nokre stader må han likevel ta sykkelen med på bussen.

– Det er litt for å spare tid, så eg skal kunne rekke over alt. I tillegg må ein tenkje på sikkerheit. E39 har ein del farlege strekningar, der er det best å ta buss, seier Skotheim.

No reiser han vidare til Trondheim, før han skal byrje å setje saman informasjonen han har henta inn.

– Boka kjem ut i januar neste år, og for kvar bok som blir sold, vil 50 kroner gå til organisasjonen Besteforeldrenes klimaaksjon, fortel han.